

Sykehuskirken, preste– og samtaletjenesten

KIRKEN

Sykehuskirken finner du i 1.etg. ved heisen i det gamle sykehusbygget. Fra Nye Haraldsplass finner du veien til kirken ved å ta heisen til 2. etg., gå over "broen" og ta heis eller trapp ned til 1. etg. Kirkerommet er alltid åpent, og du kan tenne et lys eller bare ha en stille stund for deg selv. Trenger du assistanse for å komme til kirken vil personalet eller frivillige følge deg dit.

Det er gudstjeneste med nattverd kl 11:00 de fleste søndager. Dersom du ønsker nattverd på rommet, sier du fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selv sagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 2000. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

Hilsen sykehusprestene

Karl Hjelmeland , John Kristian Rolfsnes og Kristin Lødøen Hope



Haraldsplass
Diakonale sykehus

i

Vil du ha mer informasjon
eller trenger du å snakke med oss?

Tlf: 922 07 527
www.haraldsplass.no
Søk :prestetjenester

Søndagshelsing

08.11.2020

23. søndag i treeiningstida



**Det er for tiden ikke gudstjenester i
Sykehuskirken på Haraldsplass!**

**Mange lokale kirker og kirkesamfunn har
digitale gudstjeneste sendinger som kan
streames på nett.**

23. søndag i treeiningstida 2020

Tekst: Mark 10, 28-31

28 Då tok Peter til orde og sa: «Kva med oss? Vi har gått ifrå alt og følgt deg.» 29 Jesus svara: «Sanneleg, eg seier dykk: Ingen har forlate hus eller brør eller systrer eller mor eller far eller born eller åkrar for mi skuld eller for evangeliet skuld 30 utan at han skal få det att hundre gonger. Her i denne tida skal han få hus, brør, systrer, mødrer, born og åkrar, men han skal òg bli forfølgd – og i den verda som kjem, skal han få evig liv. 31 Men mange som er dei første, skal bli dei siste, og dei siste skal bli dei første.»



What's in it for me?

Vi lever i usikre tider. Koronaen er stigande og i skrivende stund veit vi ikkje om det er den første eller siste som blir president i USA. Peter og disiplane er også usikre fordi Jesus nettopp har sagt at det er så vanskeleg å kome inni himmelen. Peter sine ord gir gjenklang i liva våre på mange måtar. Kva med oss? Kva med dei som føl deg? Jesus trøystar med at dei vil få mangfoldig igjen, men samtidig seier han her, som fleire andre stader i Bibelen: «Men mange som er dei første skal bli dei siste og dei siste skal bli dei første». Kva tyder det? Jesus snur ofte opp ned på våre forventningar. Er det fordi vi ikkje skal ta noko for gitt? Er det fordi vi ikkje skal kunne kalkulere oss fram til kva som skjer dersom eg gjer slik eller slik?

Ein mann står framfor St Peter ved himmelens port og prøvar å samle 1000 poeng for å kome inn i himmelen. "Eg har vore gift med den same kona heile livet, og aldri så mykje som vurdert å vere utru", seier mannen. "Det er bra", svarer St Peter, "sju poeng. Er det noko meir?" "Ja, eg har vore opptatt av å dele med dei som har lite, så kvar månad har eg gitt ti prosent av inntekta mi til forskjellige gode formål." "Flott, fem poeng til. Noko meir?" Mannen byrjar å sveitte litt, og held fram: "Eg har vore med på å drive et suppekjøkken for dei fattige i byen, og eg har brukta fem kveldar kvar veke på å jobbe der – heilt utan å få betalt." "Veldig bra! Seks poeng!" No byrjar mannen å bli veldig fortvila over at han får så få poeng, så han ropar ut: "Men korleis skal det gå an å kome inn i himmelen, då, her treng ein jo verkeleg Guds nåde!" Og St Peter svarer: "Kjempebra! Tusen poeng!"

Nåde... bare nåde! Det er Guds rettferd.

God søndag!

Kristin Lødøen Hope, sjukehusprest